



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Olav Overvoll, 5557 2315

Vår dato
02.04.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2013/4596 433.6
Dykkar referanse

08-April-2014

Radøy Kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Orientering - registrering av hole eiker i kulturlandskapet i Hordaland i 2013

Hole eiker i kulturlandskapet er ein såkalla *utvald naturtype*, med eiga forskrift etter naturmangfaldlova. På bakgrunn av dette har Fylkesmannen i Hordaland sett i gang registrering av slike tre, og har registrert ei eller fleire hole eiker m.a. på din eigedom.

I forskrifta er hol eik definert som eiker med omkrins på minst 200 cm, og eiker som er synlig hole og har ein omkrins på minst 95 cm. Omkrins blir målt i brysthøgde, ca. 1,3 m over bakken. Hol eik i produktiv skog er ikkje omfatta av forskrifta. Grunnen til dette er at slike tre skal bli fanga opp og tatt omsyn til gjennom skogbruket sitt eige system for miljøomsyn. Den såkalla akstsemdsplikta i naturmangfaldlova gjeld likevel òg for hole eiker i skog.

Bakgrunnen for at hole eiker har fått status som utvald naturtype er at slike tre er levestad for ei lang rekkje sjeldne og raudlista artar av insekt, sopp og lav. Du kan lese meir om dette i den vedlagte brosjyra. Denne er utarbeidd av Fylkesmannen i Oslo og Akershus, men er like aktuell for vårt fylke, sjølv om vi på Vestlandet manglar mange av dei sjeldnaste raudlistearter som er knytte til eik.

I brosjyra finn du òg meir om kva forskrifta om hole eiker har å seie for deg som eig slike tre. Risiko for liv og helse, og fare for skade på materielle verdiar, skal sjølv sagt bety meir enn omsynet til biologiske verdiar. Er det nødvendig å gjere noko med eit tre, og du er usikker på korleis forskrifta kjem inn, kan du få råd hos fylkesmannen. Du kan òg søke om økonomisk tilskot til m.a. kroneavlasting, beskjering og fristilling.

Under kartlegginga er det lagt vekt på å få undersøkt flest mogleg tre, og kvart enkelt tre er difor ikkje grundig undersøkt. Omkrinsen på trestamma blir målt, og dersom treet fell inn under definisjonen av hol eik, blir treet fotografert, det blir gjort ei rask undersøking av artsmangfaldet på treet, og det blir gitt ein kort beskrivelse av treet, inklusiv ei vurdering av biologisk verdi. Beskrivelsen blir lagt ut på nettstaden www.naturbase.no.

Tre som står i tun eller hagar blir i regelen ikkje undersøkte utan avklaring med eigar, men sidan kartlegginga har føregått i arbeidstida har vi ikkje alltid funne eigar heime, og nokre tre står ved fritidsbustader, derfor har nokre tre blitt undersøkte utan avklaring på førehand. Om du som eigar meiner at vi på denne måten har tatt oss til rette ber vi om orsaking for det. Ta gjerne kontakt med oss om du har merknader eller spørsmål til kartlegginga av ditt/dine tre.

Til slutt vil vi takke mykje for den positive responsen vi har blitt møtt med blant dykk vi har vore i kontakt med under registreringarbeidet!

Med helsing

Solveig K. Roald e.f.
seniorrådgjevar

Olav Overvoll
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:
Brosjyre om hole eiker